

Flott sommarkonsert på Oska fredag

26.06.2017



Det vert ein flott musikkveld med Bjarne Øymyr(f.v.), Sindre Aksnes, Ingebjørg Eik og Alex Grieg.

Det er fire særdeles dyktige musikarar som skal ha konsert på Oska førstkommande fredag når Ingebjørg Eik Band kjem på besøk. Då kan vi velja om vi vil kombinera musikken med ein god Smakifrå-middag, eller om vi berre vil ha med oss konserten. Uansett vil det verta ein herleg fredagskveld på utestaden ved båthamna.

Ingebjørg Eik er frå Rosendal, men held no til i Oslo. Ho har musikkutdanna seg der og har jobba som frilansmusikar i mange år. Ho har blant anna spelt med Big Bang, Eva & the Heartmaker og i mange andre samanhengar. Ho er ein svært dyktig songar med si kraftfulle og innlevingsrike røyst. Siste åra har ho naturleg nok ikkje vore å høyra så ofte her heime i Kvinnherad. Sist eg hørde ho var på to minikonsertar i Rosendal saman med Uskedals-gitaristen Gjermund Fredheim før jul i 2012. Eg vart imponert, hørde mellom anna publikum seie at det er jammen kjekt å oppleva så proffe folk. (Les [HER](#))

Med seg på laget har ho tre toppmusikarar som mange uskedelingar kjenner godt. Bjarne Øymyr på tangentar kjenner vi frå mange ulike samanhengar. Den eminente pianisten er svært aktiv i musikklivet både i Bergen og her i Kvinnherad. Med seg har han også kompsisen Alex Grieg som han spelar saman med i jazzkvaretten BATS. Den dyktige kontrabassisten har spela saman med svært mange av Bergens musikkstorleikar, og i tillegg til jazz beherskar han dei fleste sjangrar. Dei som var på bokkerkvelden sist laurdag kan skriva under på at dette er to toppmusikarar. På bokkeren har dei nemleg vore med i jazzbandet dei siste åra.

Sist, men ikkje minst, gler vi oss til å høyra vår eigen slagverkar, Sindre Aksnes. Det er faktisk ei stund sidan eg har hørt dette stortalentet. Etter det har han tilbakelagt eit år på musikkfolkehøgskule i tillegg til eit år på høgskulestudiar innan landbruk på Austlandet. Eg kjenner til at talentet også har sysla litt med andre instrument som gitar, toradar og bukkehorn siste åra. Likevel reknar eg med at det er den musiserande trommisen vi får oppleva på Oska på fredag.

Konsertstart er kl.21, og med denne firarbanden må det bli topp! Det blir både lyrisk, vakkert, rytmisk og melodiøst. Det blir alt frå standard-jazz til pop-låtar pakka inn i jazz-arrangement. Dersom nokon ønskjer å toppa

det ytterlegare, vil det vera fint å kombinera det med ein god middag frå Smakifrå-menyen i forkant. Då vil det vera lurt å bestilla bord.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Bjarne Øymyr